

**KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 31/2014****2018/EØS/84/05**

av 14. januar 2014

**om oppheving av vedtak 2004/301/EF og 2004/539/EF og av forordning (EU) nr. 388/2010(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 998/2003 av 26. mai 2003 om kravene til dyrehelse som får anvendelse på ikke-kommersiell forflytning av kjæledyr, og om endring av rådsdirektiv 92/65/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 og 21, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 998/2003 er det fastsett krav til dyrehelse som skal nyttast på ikkje-kommersiell flytting av kjæledyr, og reglar som skal nyttast på kontroll med slik flytting. Forordninga skal nyttast på flytting mellom medlemsstatar eller frå tredjestatar av kjæledyr av dei artane som er oppførte i vedlegg I til forordninga. Hundar, kattar og ildrar er oppførte i del A og B til det nemnde vedlegget. Forordning (EF) nr. 998/2003 tok til å gjelde 3. juli 2004.
- 2) I kommisjonsvedtak 2003/803/EF av 26. november 2003 om opprettelse av et standardpass for forflytning av hunder, katter og ildrer innenfor Fellesskapet<sup>(2)</sup> er det fastsett ein modell for pass for flytting av kjæledyr av artane hund, katt og ildrer mellom medlemsstatar, slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 1 bokstav b) i forordning (EF) nr. 998/2003.
- 3) For å forenkle overgangen til dei ordningane som vart innførte ved forordning (EF) nr. 998/2003, vart kommisjonsvedtak 2004/301/EF av 30. mars 2004 om unntak fra vedtak 2003/803/EF og 2004/203/EF med hensyn til formatet på sertifikater og pass som skal anvendes ved ikke-kommersiell forflytning av hunder, katter og ildrer,

og om endring av vedtak 2004/203/EF<sup>(3)</sup> vedteke, slik at sertifikat og pass som vart utferda for kjæledyr før datoen då forordning (EF) nr. 998/2003 tok til å gjelde, framleis kan nyttast, såframt dei oppfyller visse vilkår.

- 4) I tillegg er det fastsett i kommisjonsvedtak 2004/539/EF av 1. juli 2004 om innføring av eit overgangstiltak for gjennomføring av forordning (EF) nr. 998/2003 om krava til dyrehelse som skal nyttast på ikkje-kommersiell flytting av kjæledyr<sup>(4)</sup> at medlemsstatane inntil 1. oktober 2004 kan tillate innføring på territoriet sitt av kjæledyr av dei artane som er oppførte i vedlegg I til forordning (EF) nr. 998/2003, i samsvar med dei nasjonale reglane som galdt før 3. juli 2004.
- 5) Forordning (EF) nr. 998/2003 vart oppheva ved og bytt ut med europaparlaments- og rådsforordning nr. 576/2013 av 12. juni 2013 om ikke-kommersiell forflytning av kjæledyr og om oppheving av forordning (EF) nr. 998/2003<sup>(5)</sup>. Tiltaka som vart vedteke for å lette overgangen til dei ordningane som er fastsette i forordning (EF) nr. 998/2003, er difor forelda. Vedtak 2004/301/EØF og 2004/539/EF bør difor opphevast.
- 6) I tillegg vart kommisjonsforordning (EU) nr. 388/2010 av 6. mai 2010 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 998/2003 med hensyn til det høyeste antallet kjæledyr av visse arter som kan omfattes av ikke-kommersiell forflytning<sup>(6)</sup> vedteken for å unngå faren for at kommersielle flyttingar av hundar, kattar og ildrar ved svindel vert kamuflerte som ikkje-kommersielle flyttingar når desse dyra vert flytte til ein medlemsstat frå ein annan medlemsstat eller frå ein tredjestat som er oppført i avsnitt 2 i del B i vedlegg II til forordning (EF) nr. 998/2003.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 10 av 15.1.2014, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 66/2016 av 29. april 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasjanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 73 av 16.11.2017, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEU L 146 av 13.6.2003, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 312 av 27.11.2003, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEU L 98 av 2.4.2004, s. 55.

<sup>(4)</sup> TEU L 237 av 8.7.2004, s. 21.

<sup>(5)</sup> TEU L 178 av 28.6.2013, s. 1.

<sup>(6)</sup> TEU L 114 av 7.5.2010, s. 3.

- 7) Føresegnene i forordning (EU) nr. 388/2010 er vortne reviderte og tekne inn i forordning (EU) nr. 576/2013. Forordning (EU) nr. 576/2013 tok til å gjelde 29. desember 2014. Forordning (EU) nr. 388/2010 vert difor forelda frå datoen då forordning (EU) nr. 576/2013 tok til å gjelde, og bør difor opphevast med verknad frå den same datoen.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa, og verken Europaparlamentet eller Rådet har sett seg imot dei —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Vedtak 2004/301/EF og 2004/539/EF vert oppheva.

*Artikkel 2*

Forordning (EU) nr. 388/2010 vert oppheva med verknad frå 29. desember 2014.

*Artikkel 3*

Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 14. januar 2014.

*For Kommissjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

---